



Medlemmer av SU/SMU

Ikkje offentleg
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2783 - 17/2245

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.laendre@meland.kommune.no

06.02.2017

Referat SMU/SU møte tysdag 24. januar 2017

Møte i Skulemiljøutvalet 24.01.2017 kl. 18.00-19.00 på personalrommet.

01/17 Informasjon om inneklimasak i klasserom

Oppfølging av sak 13./16 – etter ein justering av ventilasjonsanlegget er det gjort ny måling av CO₂ konsentrasjonen. Etter justeringa var CO₂ konsentrasjonen over norm 2 av 4 dager, med ein maks på 1072 ppm. Tida over norm var 12 og 7 minutt. Det blei ikkje lufta under desse målingane. Lærarar merker stor forskjell i luftkvaliteten. Ved å lufte kort og effektivt i midten av kvar time vil ein klare å halde CO₂ konsentrasjonen under norm heile tida.

02/17 Informasjon om skulen sitt arbeid med enkeltvedtak etter §9a.

Det er fatta vedtak i 4 saker til. I tre av dei er retten til eit godt psykososialt miljø brutt, den siste ikkje. I tillegg jobber skulen med to mobbesaker til der det ikkje vert fatta enkeltvedtak. Desse sakene har skulen avdekkja sjølv, og det er ikkje føresette som har bedt om tiltak.

03/17 Informasjon om status på elevtoalett

Vi har no fått i ein månad ekstra reinhald på toaletta. Vi må samstundes jobbe med åtferd hos elevvar.

- Alliance har ikkje folk i området midt på dagen og reknar 1 time for oppdraget.
- Ein ekstra gong med nedvask av etter tilgrising av innreiing/vegger og golv på grunn av urinering e.a. kostar kr 451,58 pr time inkl mva.
- Mnd pris blir kr 451,58 x 21 dagar i mnd = kr 9.483,- pr mnd
- Ekstra normal vask (ikkje nedvask etter urinering mv) kostar kr 374,17 pr dag, eller kr 7.858,- pr mnd.

Til samanlikning kostar reinhald av heile skulen kr 66.593,- pr mnd.

Elevane opplever at reinhaldet på toaletta ikkje er bra. Lærarane merker forskjell på kor skitne toaletta er.

SMU ønskjer at reinhald to ganger om dagen skal vidareførast.

Toaletta er tatt i i vedlikehaldsplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

04/17 Trafikkopplæring 7. trinn – utfordringar knytt til skuleveg – drøfting – sak meldt av FAU.
Elevar er utrygge på skulevegen, spesielt på gangvegen.

FAU ønskjer trafikkopplæring i form av opprettelse av skolepatrulje.

- Hva med et prøveprosjekt der 7 trinn har ansvar for å være trafikkvakt sammen med en lærer?
- Skolepatrulje der en gruppe 7 klassinger møtes på gangbroen ved Frekhaug f.eks. klokken 08.00 og går sammen opp mot skolen. De kan bære refleksvester og skape trygghet for de minste.

Det kan kjøpes inn vester, flagg etc. fra Trygg trafikk. Mulig skolen / FAU kan dele på utgifter her? Under drøfting kjem det fram at ei eventuell skulepatrulje må kombinerast med vegen ein går. Kan dei eldste elevane være vakter på bussen? Saka tas til Elevrådet for drøfting.

05/17 Eventuelt.

SMU hadde to saker oppe til drøfting:

- Skidag – gratisprinsippet er styrande for kva skulen skal gjere. Alle skal ha like store muligheiter til alle aktivitetane. Det vil seie at vi ikkje kan ha skidag i den forma vi har hatt no. Korleis organiserer vi dette? Saka tas til FAU og elevråd for vidare drøfting.
- Skulemjølk – elevane opplever at dei får mjølk som er sur. Viktig at alle klassar går rett tilbake med melkekassen. Elevane som lager til mjølk venter på retur og set mjølka tilbake i kjøleskåpet.

Møte i Samarbeidsutvalet 24.01.2017 kl. 19.00- 20.00 personalrommet.

01/17 Orientering frå rektor

- ◆ Utbygging – framleis i tråd planen.
- ◆ Uteområde – lite nytt. Ein håper å ha landa ein avtale om kjøp med grunneigarane innan 1-2 månader.

02/17 Leirskule – Utdanningsforbundet har eit ønskje om å flytte leirskule frå 6. klasse til 7. klasse. Saka er drøfta i SU og vi har landa på at leirskule flyttast frå 6. til 7. trinn. Ein ønskjer framleis vinterleirskule så det vert ingen endringar på stad.

03/17 Bruk av overskot av matpenger på SFO - drøfting

Status i år – overforbruk på ca 10 000. Dette dekkjast inn av tidlegare avsetjingar av overskot. FAU ønskjer at avsatte midler brukast på turer/arrangement i SFO på skulen sine fridagar.

04/17 Info frå FAU

FAU leiar informerte om arbeidet FAU gjer. FAU tenkjer at elevane treng meir opplæring i nettvett og sosiale medier. Skulen tar saka vidare til plangruppa for å drøfte korleis vi løyser dette.

FAU har ansvar for foreldremøte på våren sjølv om skulen kallar inn. Tema er knytt til mobbing. Rektor og SU leiar avtaler eit møte for å lage rammene for foreldremøtet.

Trafikkgruppa jobbar med veglys ved overgangen ved Esso og den halvårlege trafikkaksjonen.

Fau har og ein diskusjon rundt bruk av lekser. Dei opplever at det er stor variasjon i korleis dei vert gitt.

05/17 Informasjon om skulen sine resultat på nasjonale prøver.

Rektor presenterte skulen sine resultat på nasjonale prøver. Positiv utvikling.

06/17 Eventuelt.
Inger saker meldt.

Med helsing

Magne Lædre
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Medlemmer av SU/SMU